

Jernbaneverket
Postboks 4350

2308 HAMAR

Vår ref.
12/310-9 K1-026, K2-N00, K3-&30
ERRO

Deres ref.

Dato:
07.05.2012

Høyringsuttale om høgfartsutgreiinga

Midt-Telemarkrådet – interkommunalt regionråd for Bø, Nome og Sauherad kommunar har i rådsmøte 4. mai 12 gjeve følgjande uttale om høgfartsutgreiinga:

Midt-Telemarkrådet sin høyringsuttale til Jernbaneverket sin høgfartsutgreiing.

Ein lyntogtrase frå Bergen, Haugesund og Stavanger over Haukeli vil knyte heile Telemark til dei sterke verdiskapingsmiljøa på Vestlandet. Dette vil ha stor verdi for næringslivet i fylket.

Lyntogutbygging over Haukeli med tilknytning til Grenland, med InterCity-triangelet via Vestfold og bane vidare langs Agderkysten, vil vere eit paradigmeskifte innan samferdsel og samfunnsutvikling i Telemark, og heile Sør-Noreg.

Høgfartsutgreiinga til Jernbaneverket konkluderte med at lyntog er mogleg i Noreg. Deutsche Bahns høgfartsutgreiing - som i tillegg inkluderer godstrafikk, langt fleire stasjonar og heile InterCity-nettet i planane - viser også sær gode økonomiske resultat for høgastighetsbane i det fleirbrukskonsept dei har lagt opp til. Med dei planane Deutsche Bahn har lagt fram, er den samfunnsøkonomiske effekten for banen mellom Oslo, Stavanger, Haugesund og Bergen via Haukeli sær positiv. I flg. Deutsche Bahn vil drifta av banen også gje eit overskot som kan betale ned investeringane i løpet av 30 år. Deutsche Bahn har vidare utarbeida sær detaljerte traséplanar, som til saman kan gi opp til 10 stasjonar i fylket. Desse planane kan òg gi eit utvida InterCity-nett til Grenlandsområdet via både Drammen, Eiker, Kongsberg, Notodden/Bø og via Drammen og Vestfold, noko som òg opnar for ei interessant ringbane begge vegar. Til saman gjev dette eit nett som kan knyte både fylket, regionane ikring, heile Sørvest-Noreg og Austlandet tettare saman.

Midt-Telemarkrådet vil vise til Stortinget sitt vedtak i Nasjonal Transportplan 2010 - 2019 om at vidare utgreiingar "skal ha bygging av høyhastighetsbane som siktemål", at "et framtidig høyhastighetstilbud ikke bare skal binde sammen de store byene, men også fange opp mellomliggende trafikk" og at "det spesielt bør arbeides vidare med konsepter for flerbruksbaner med blandet trafikk av høyhastighetstog, regionstog og gods-trafikk." Midt-Telemarkrådet ber om at dette blir fylgd opp i Nasjonal Transportplan 2014 - 2023, med sikte på utbygging av første linje innan 2023 - 2025. I samband med dette ber Midt-Telemarkrådet om at utgreiinga til Deutsche Bahn blir tillagt stor vekt i den vidare prosessen. Midt-Telemarkrådet ser det óg som viktig at InterCity-nettet blir planlagt og bygd som ein integrert del av det framtidige høgfartsnettet.

Med hilsen

Erling Rønnekleiv
regionrådssekretær